

---

Saksnr: 2020/74869-1  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.10.2020

**Fråsegn - Språkrådet til Bergen**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sitt forslag til fråsegn:

Vestland fylkeskommune meiner at Språkrådet burde flyttast til Bergen for å ytterlegare styrke det språkfaglege miljøet i Bergen og Vestland.

**Vedlegg**

- 1 Saksprotokoll frå hovudutval for kultur, idrett og integrering

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka og vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har i møte 15.10.2020 (sak PS 145/20) gjort framlegg om ei fråsegn på vegner av Vestland fylkeskommune.

Det følger av reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering punkt 7:

«Dersom utvalet sjølv ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette. Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggje fram for fylkesutvalet.»

Det følger av reglement for fylkesutvalet punkt 6:

«Dersom fylkesutvalet ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkesutvalet vedta ei fråsegn om dette på vegner av Vestland fylkeskommune.»

Fylkesutvalet er altså kompetent organ til å vedta ei eventuell fråsegn på vegner av Vestland fylkeskommune.